

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.08.2013
Frå: **Administrerende direktør Herlof Nilssen**
Sakhandsamar: **Ingvill Skogseth**
Saka gjeld: **Beredskapssituasjonar i august månad i Helse Førde/Helse Vest**

Administrerende direktør si orientering pkt 6

Styresak 087/13 O

Styremøte 03.09. 2013

I Helse Vest har det nyleg vore to store hendingar som har utfordra beredskapen for alle nødetatane; politi, brann og helse. I begge hendingane blei det mobilisert store ressursar i prehospitala tenester og det var masseskade med stort behov for sjukehusstenester.

Aksjonane er ikkje ferdig evaluert. Det er enno ikkje gjennomført evalueringsmøte med dei andre nødetatane og mellom Helse Førde og Helse Bergen. Vi er derfor varsam med å trekke bastante konklusjonar. Med atterhald er her ei foreløpig oppsummering:

Måndag 5. august 2013 - Brann i Gudvangatunnelen

Gjennomføringa i beredskapsleiinga, prehospital innsats og hospital innsats gjekk bra. Alle pasientar fekk den hjelp og omsorg som var nødvendig.

Initialt gjekk det 44 pasientar til Lærdal sjukehus og 22 til Voss sjukehus.

Hendinga blei meir omfattande enn Helse Førde HF hadde kapasitet til å ta hand om i eit grenseområde. Dette gjekk både på alvorlegheitsgrad for nokre av pasientane og på omfanget av skadde som hadde behov sjukehusstenester. I løpet av ettermiddag/kveld var det direkte kontakt mellom beredskapsleiinga i dei to føretaka. Det blei då avklart ei fordeling av dei siste pasientane som blei flytta frå Lærdal sjukehus. Kl. 20:40 var pasientfordelinga ved sjukehusa slik:

3	Lærdal sjukehus
29	Førde sentralsjukehus
16	Voss sjukehus
18	Haukeland universitetssjukehus

Totalt: 66 pasientar med ulik nasjonalitet, Tyskland, Polen, Frankrike, Israel, Kina og Noreg.

Ved brannen i Gudvangatunnelen blei det etter kvart klart at det ikke var snakk om kirurgiske traumer eller brannskader. Røyk og inhalasjonsskader var hovedutfordringane. Sjukehusa i Helse Førde og i Helse Bergen hadde tilsaman nødvendige ressursar. Hendinga skjedde på ei

tid på året der det var ledig sengekapasitet på Voss pga. redusert drift i ferien. Godt innøvde innkallingsrutinar gjorde at Voss sjukehus også hadde god personellkapasitet.

God helikopterkapasitet gjorde at det gjekk greit å overføre pasientar frå Lærdal og Voss sjukehus. Koordinering av luftambulanseressursene vil bli gjennomgått som ein del av oppfølginga.

Så langt tyder alt på at spesialisthelsetenesta handterte situasjonen på ein god måte. Dette vil bli konkretisert i bevaringspunkt og forbetningspunkt og tiltak når evalueringsrapporten er klar.

- Kva gjekk bra (Bevaringspunkter)
- Forhold som fungerte mindre godt
- Tiltak/anbefaling

Måndag 12. august 2013 – to bussar kollidert i Fardal ved Sogndal

Gjennomføringa i beredskapsleiinga, prehospital innsats og hospital innsats gjekk bra. Alle pasientar fekk den hjelp og omsorg som var nødvendig.

Pasientane blei fordelt slik:

Førde sentralsjukehus:	7 pasientar (letteare skadd)
Haukeland universitetssjukehus:	4 pasientar (2 døde og 2 alvorleg skadd)
Totalt:	11 pasientar

Pasientar frå Noreg og Taiwan.

Helse Bergen

Haukeland universitetssjukehus har regional funksjon som traumesenter og nasjonale funksjoner innan avansert brannskadebehandling og hyperbar medisin. Vidare, i kraft av størrelse (senger og bemanning), har helseføretaket god kapasitet til å frigjere plass og motta eit større antall pasientar. Tidleg varsling av HUS er derfor heilt nødvendig i arbeidet for at rett pasient kjem til rett sjukehus. HUS har også gode planar for, og erfaring med, å sende ut ekstra utrykningsteam med legar og anna personell med brei prehospital erfaring. Ved masseskader med brannskader kan det og vere aktuelt å sende triageteam (brannskadekirurg) slik at rett pasient kjem til rett behandlingsstad.

Aktuelle oppfølgingspunkt

- Vurdere ledelses- og kommunikasjonsstrukturen ved ekstraordinære hendingar i Helse Vest
- Samhandling og informasjonsutveksling for dei prehospitale tenestene på tvers av føretaksgrensene, og særlig knytt til hendingar i grenseområda
- Samhandling, informasjonsutveksling og koordinering av sjukehusressursane på tvers av føretaksgrensene
- Ny gjennomgang av beredskapslager med motgift (antidot) (CyanoKit) hydroksokobolamin var aktuelt ved brannen i Gudvangatunnelen. I Regional beredskapsplan skal alle sjukehusa ha medikamentet, men det er ikkje angitt mengder. Denne gangen var det ikkje behov for store mengder, berre 2 einingar blei brukt.